

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **22.11.2019, kl. 09:00-14:40**
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø (<i>unntatt sak 094</i>)	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør psykisk helsevern
Olav Hesjedal, direktør medisinsk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Trine Vingsnes, fagdirektør
Helge Robert Midtbø, direktør drift og eigedom
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør (*unntatt sak 094*)
Anya Therese Markhus, avdelingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kari Anne Indrebø, avdelingssjef ortopedisk avdeling

Sakliste

- 086/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden
087/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.10.2019
088/2019 Administrerande direktør si orientering
089/2019 Rapportering frå verksemda per oktober 2019

Saker til orientering:

- 090/2019 Nye Førde sjukehus - kvartalsrapportering
091/2019 Rapportering om program og prosjekt i Helse Førde
092/2019 Status program Pasientens helseteneste – teneste og organisasjonsutvikling
093/2019 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del:

- 094/2019 Val av entreprenør for vidare arbeid med Nye Førde sjukehus Uoff, jf Off.I.
§ 23, første ledd

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Avdelingssjef Indrebø orienterte om **ALLE MØTER**

Avvikling av tentative timar i ortopedisk avdeling – ei umogleg oppgåve?

Vi ville vere pilotavdeling. Eit team har arbeidd med dei tentative timane ved FSS.

Utfordringsbildet har vore:

- Kultur/haldningar
- Rutine for å tildele timar i etterkant – fast prosedyre i avdelinga
- Sekretærene hadde eit sterkt eigarforhold til "sine" behandlarar med tilhøyrande timebøker
- Historikk med mykje replanlegging gjorde til at sekretærene ikkje hadde tillit til at langtidsplanlegging var reell
- Behandlarane er ikkje vane med langtidsplanlegging av aktivitet og fråvær

Prosjektgjennomføring og tiltak:

Det var gjennomført opplæring i 2018, med oppstartmøte i mai 2019. I slutten av august vart det faste statusmøte ein time kvar veke. Heildagsmøte ved behov.

- Langtidsplanlegging for legar
- Kartlegging av dei store pasientgruppene
- Oppgåveglidning
- Avslutte ikkje naudsynte kontakter
- Resterande 60 prosent tentative timar blei fordelt i eksisternade timebøker

- Sekretær skal jobbe på tvers av fagmiljøa
- Alle pasientar skal få direkte time – kontrollar, nyttilviste m.m.
- Møte med radiologi for å avdekke utfordringar med samarbeid/samordning
- Planleggingsmøta er endra
- Tydeleg leiarskap

Gevinstar ved å avvikle tentative timar:

- Pasient får time og føreseieleg planlegging
- Medarbeidar har betre oversikt over drifta og planlagt aktivitet
- Meir fokus på planlegging og direkte kommunikasjon med behandlarane
- Frigjort tid i sekretærgruppa
- Færre replanleggingar
- Betre samhandling og ressursbruk i samarbeidande avdelingar

For å få dette til må det vere eigarskap i linja.

Styret takka for orienteringa som viser eit godt resultat på få månader. Dette legg til rette for god læring i organisasjonen.

086/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Nye dokument utdelt: Hefte med mottatt høyringsinnspel til prehospital plan per 21. November.

Punkt til eventuelt-saka: Endra dato for styremøte i juni 2020

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

087/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.10.2019

Retting side 1: Trine Vingsnes var også deltakar frå administrasjonen.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 28.10.2019, med ovannemnde retting.

088/2019 Administrerande direktør si orientering

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt aktuelle høyringar**

Styret stilte spørsmål til Helse Førde si høyring på tvangsbegrensingslova.

Adm. direktør Varden bekrefta at uttale vert distribuert til styret.

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Prehospital plan

Adm. direktør Varden orienterte om prosessen med prehospital plan, som har høyringsfrist 25. november.

Dokument var lagt på bordet med alle høyringsinnspel mottatt innan 21. november.

Det har vore mange orienteringsmøte i kommunane om prehospital plan. Saksutgreiing med tilråding vert utsendt til styret 9. desember.

Det har vore gjennomført møte med Helse Møre og Romsdal ang. ambulanseteneste i Hornindal kommune.

Styret kommenterte at prosessen har vore svært god, og at ein har hatt god dialog med relevante partar.

Dersom administrasjonen vurderer at ein treng meir tid på styresak etter høyringsfristen, er styret open for at administrasjonen ber om å legge saka fram for styret i januar.

5. Førde sentralsjukehus – 40 års jubileum

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om planlegging til markering av 40 års jubileum for Førde sentralsjukehus som vert 3. desember, og viste avisoppslag frå Firda i 1979.

Program for markeringa vert:

- FSS er festpynta
- Morgon: Velkomst inne ved inngangsparti/resepsjon
- Utstilling historiske FSS-bilde i heisane
- Presentasjon på info-TV
- Jubileumsmarkering i auditoriet
- Koronaris opptrer i kantina
- Heile dagen vert det 1979 prisar i alle kantiner

6. Vaksinerings

Adm. direktør Varden orienterte om status for influensavaksinerings, som viser at vaksinasjonsdekninga har auka med over 50 prosent i fjor.

Status vaksinerte per klinikk vart presentert.

7. Utvikling lærlingar

Adm. direktør Varden orienterte om utvikling lærlingar. Dette er i fokus på nasjonalt nivå. AD og HR-direktør deltok i november på fellessamling for Helse Vest og Fagforbundet i Bergen.

Vi har dei siste åra hatt positiv utvikling i å stanse omlegging av stillingar frå helsefagarbeidar/ hjelpepleiar til sjukepleiar. Vi har gått frå å vere rangert dårlegast i Helse Vest til å nærme oss å vere i front.

Status haust 2019 vart presentert.

Styret stilte spørsmål til medieomtale av pasientskade ved Lærdal sjukehus.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om tilsynssaka.

Styret etterspør rapport som vert sendt til Helse Vest RHF 2 gonger årleg om lærlingar, også vert informert til styret (til restanselista).

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

089/2019 Rapportering frå verksemda per oktober 2019

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.

Fag og kvalitet:

- Utviklinga innafor ventetid har vore god i haust, med erkjenner at vi likevel at vi framleis har utfordringar med kapasitet innan ein-skilde fagområde.
- Trygg pleie tiltaka viser at resultat saml sett ligg stabilt
- Vi levere gode resultat når det gjeld triage innan ti minutt og antibiotikaoppstart innan ein time

Aktivitet og økonomi:

- Helse Førde fekk eit overskot på 4,1 millionar kroner i oktober. Dette er 1,1 millionar betre enn budsjett.
- Aktiviteten var noko lågare enn budsjett for dei somatiske avdelingane målt i DRG-poeng.
- Varekostander viser eit mindreforbruk til no i år på 6,3 millionar. H-resept bidrar positivt med 14,3 millionar. Det er registrert ei negativ utvikling i forhold til reduksjon i legemiddelkostnader.
- Meirforbruk på personalkostnader var 4,7 millionar, som er høgare enn tidlegare i år.
- Trass meirforbruket på personalkostnader meiner AD at resultatkravet på 36 millionar for 2019 framleis er realistisk å nå

HMS:

- Sjukefråværet har ikkje endra seg vesentleg frå august, men har ein lite auke
- Gjennomsnittleg fråvær hittil for Helse Førde er på 6,5 prosent

Styret kommenterte at dette viser positive trendar på kvalitetsindikatorane.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Resultatet i perioden er eit overskot på 4,1 millionar kroner, som er 1,1 millionar betre enn budsjett. Aktiviteten mål i DRG-poeng var høgare i medisinsk klinikk, men lågare i kirurgisk klinikk.

Samla sjukefråværet i september var 6,1%, som viser 0,2 prosentpoeng høgare enn sama månad i fjor, og 0,1 prosentpoeng høgare enn førre månad.

Brutto månadsverk i september var 2292 (76 fleire enn for same periode i 2018) og netto månadsverk var 2146 (71 fleire månadsverk enn for same periode i 2018).

Styret kommenterte:

Det vert arbeidd godt i organisasjonen, også med kulturforbetring.

Ein beleggsprosent på 73 prosent bør vere med i vurderingane framover.

Styret etterspør: Psykisk helsevern på dagsorden for styret 1. halvår 2020 i styreseminar eller fagleg orientering.

Økonomidirektør Hellesest og adm. direktør Varden orienterte om prosessen med budsjett 2020. Saka vert utsendt 9. desember til styret, for handsaming 16. desember.

Styret stilte spørsmål om rammene for 2020.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2019 til vitende.

Saker til orientering:

090/2019 Nye Førde sjukehus - kvartalsrapportering

Oppsummering:

Delprosjekt for psykisk helsevern ligg ni dagar bak framdrift, men vi er i rute med økonomi og kvalitet. Tilbodsinnhenting for nybygg somatikk (Livabygget) og dei etterfølgjande delprosjekta er gjennomført i samsvar med framdriftsplan, men forhandlingsprosessen har teke noko ekstra tid.

Økonomien i prosjektet Nye Førde sjukehus er i samsvar med budsjetta som er etablerte, og det er ikkje grunnlag for å endre prognosar.

Alternativet som det no blir jobba med omhandlar:

- 1) Flytte planlagde sengepostar i dei tre øvste etasjane ut i nybygget
- 2) For å unngå å bygge om Angabygget (eksisterande bygg for psykisk helsevern) og få plass til behov for kontorareal må vi:
 - Nytte om lag ein etasje av dei frigjorde areal til poliklinikk
 - Nytte om lag to av dei frigjorde etasjane til kontor
- 3) Dette kan vi relativt enkelt vurdere og kalkulere på eit overordna nivå som endringar i høve til forprosjektet

- 4) Eksisterande lågblokk og høgblokk skal ikkje byggast om før om mange år, og vi vil ha god tid for å finne meir optimal funksjonsfordeling enn det enkle «arealbytet» som er skissert under punkt 1 og 2.

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa og orienterte kort om nytt alternativ som er kome opp og vert jobba med fram til styremøte i januar, då det kan bli evaluering av dette alternativet.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om kvartalsrapportering Nye Førde sjukehus.

- *Arbeidsgrupper for prosessen vidare*
- *Vegen vidare for Livabygget og heilskapen*

Styret kommenterte at kvartalsrapporten gjev god orientering.

Styret oppsummerte med at dei faglege, økonomiske og tidsmessige rammene for prosjektet ligg fast.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering for Nye Førde sjukehus til vitende.

091/2019 Rapportering om program og prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Generelt er det høg aktivitet innanfor prosjektarbeid lokalt i Helse Førde, men og regionalt i Helse Vest. Fleire prosjekt arbeider med å utvikle og innføre felles regionale arbeidsprosessar med tilhøyrande systemstøtte, noko som krev mykje ressursar.

Dei største programma og prosjekta i porteføljen er:

- Alle møter (regionalt program)
- HELIKS (regionalt program)
- LIBRA (regionalt program)
- Nye Førde sjukehus (lokalt byggprosjekt)
- Pasientens helseteneste (lokalt program)

Helse Førde arbeider med å innføre større regionale IKT-løysingar, utvikle tenester og organisasjon og med å kvalitetssikre planane til Nye Førde sjukehus. Samla krev dette mykje av organisasjonen. Bygging av Nye Førde sjukehus er eit omfattande prosjekt. Første byggesteg, nybygg psykisk helsevern (Dagabygget), er starta. Hovudfokus er å kvalitetssikre planane og organisasjonsutvikling for neste byggesteg, som er nybygg somatikk (Livabygget).

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om program og prosjekt i porteføljen.

Styret kommenterte at rapporten var oversiktleg og systematisk.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek halvårsrapport om prosjekt og program i Helse Førde til vitende.

092/2019

Status program Pasientens helseteneste – teneste- og organisasjonsutvikling

Oppsummering:

Programmet Pasientens helseteneste er forankra i og skal realisere utviklingsplanen til Helse Førde. I hovudmålet går det fram at programmet skal arbeide for tenester som er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd. Nye Førde sjukehus vart teken ut av programmet Pasientens helseteneste i 2017, men det er framleis samordning mellom aktivitetane. Programmet er innretta på å førebu framtidig drift i Nye Førde sjukehus ved å kvalitetssikre arealbehov og -planar i forprosjektet.

I 2019 har programmet Pasientens helseteneste arbeidd med:

- Modell for stadleg leining ved lokalsjukehus
- Lærdal sjukehus – utviklingsprosjekt fase 2
- Psykisk helsevern for barn og unge
- Legemiddelhandtering i Nye Førde sjukehus
- Rekrutteringsstrategi
- Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering – konseptutgreiing
- Framtidig akuttmottak i Nye Førde sjukehus
- Framtidig drift av Livabygget; arealkvalitetssikring med «driftsbriller» - hovudsakleg knytt til arealplanlegging dette året:
 - Operasjon, dagkirurgi, oppvaking og anestesi
 - Intensiv og overvaking
 - Sterilsentral
 - Kvinne og barn
- Kontor og undervisning
- Plan 0 – støttetjenester og forsyningslinjer

Planlagde aktivitetar i 2020:

- Døgntjenester – sengpostar, pasient- og sjukehotell i somatikken
- Poliklinikkane i Nye Førde sjukehus – tverrfagleg samarbeid
- Radiologi og laboratorium
- Driftsområde (plan 0) og kontor/undervisning i Nye Førde sjukehus

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om status for Pasientens helseteneste.

Styret viste til veilederen, med skilje av oppgåver mellom sjukehus og kommunar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om arbeidet kring teneste- og organisasjonsutvikling i program Pasientens helseteneste til vitende.

093/2019

Eventuelt

Regional plan for Helse Vest RHF:

Prinsippet om at slike viktige saker kjem innom styret i Helse Førde. Dette er ein viktig plan, der også HFD styret burde vore informert.

Adm. direktør kan formidle til Helse Vest at vi gjere vil ha slik planer innom HFD-styret for ettertida.

Møteplan 2020:

Styremøte 22. juni må flyttast, grunna møtekollisjon med nasjonalt møte.

Forslag ny møtedato: Fredag 19. juni 2020

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:

- RHF styresak 111/19 Inntektsrammer 2019 – styrking av ramme til helseføretaka
- RHF styresak 110/19 Regional plan for psykisk helsevern 2020-2024
- RHF styresak 112/19 Prosess for styringsdokument 2020 til helseføretaka og Helse Vest IKT
- Brev til Helse Vest vedr. innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2020-2021), datert 11.11.2019

Følgjande skriv og melding vart lagt på bordet i møte:

- Optrykt hefte med mottatt innspel til prehospital plan

Lukka del:

Deltakrar frå administrasjonen var: Varden, Tvedt, Midtbø, Vingsnes, Helleseth, Hesjedal, Kleiven, Markhus, Ulvedal, Masdal, Haarklau

094/2019 Val av entreprenør for vidare arbeid med Nye Førde sjukehus

Helseføretakslova § 26a nr 5, jfr. Off.lova § 23, 3. ledd

Adm. direktør Varden, direktør Tvedt og direktør Midtbø orienterte om prosessen med val av entreprenør for vidare arbeid med Nye Førde sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde gjev Veidekke Entreprenør AS totalentreprise på samhandlingskontrakt for fire delprosjekt med Nye Førde sjukehus. Kontrakten om samhandling gjeld delprosjekta nybygg somatikk, ombygging av eksisterande psykiatribygg, ombygging sentralblokka plan 0-3 og sentralblokka plan 4-8.
2. Styret gjev administrerande direktør mynde til å inngå kontrakt for samhandlingsfasen med Veidekke Entreprenør AS.
3. Kwart delprosjekt skal leggast fram for styret i samsvar med fullmaktsmatrise for Nye Førde sjukehus.

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust

Ivar Eriksen

Arthur Norevik

Randi Aven

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes